



Den kulturelle skulesekken

29.oktober 2013

Lokal plan - Selje kommune 2012/2013 – 2015/2016

Den kulturelle skulesekken (DKS) sikrar elevane i grunnskulen å møte profesjonell kunst - og kultur tilbod med høg kunstnarleg kvalitet.

Lokalt, regionalt og nasjonalt.

I tillegg er DKS med på å styrke samhald elevane i mellom, samt stoltheit og kjennskap til heimkommunen, nærmiljøet og lokal kulturhistorie.

Gjennom «sikringskosten» frå Sogn og Fjordane fylkeskommune får skuleelvar varierte kulturopplevingar.

Den lokale kulturplanen er utarbeidd av Selje kulturforum og består av felles opplegg/tiltak for faste klassetrinn og førskulegruppa.

Det lokale kulturforumet består av ein representant frå bibliotek, barnehage, kulturkontaktane på kvar av skulane og kommunekontakt.

Selje kommune har to 1 – 10 skular (Selje skule og Stadlandet Oppvekstsenter) og 2 barneskular. (Flatraket skule og Ytre Stadlandet skule og barnehage) 4 barnehagar. Hovudbibliotek i Selje og bibliotekfilial på Flatraket.

Faste fells opplegg i den lokale planen:

- Kommunesentrumsvandring med kulturhistorie – førskule / 6 åringar
- Vasskverna, Nordpoll – 4. klasse
- Selja, Selje kloster – 7. klasse
- Hovden Krigsminne – 9. klasse
- Skulemusikal, Opera Nordfjord – 10. klasse
- Forfattarbesøk - Biblioteket

Kommunesentrumsvandring med kulturhistorie - Førskulegruppa

Ansvar for gjennomføring: Barnehagen rep. i Selje kulturforum.



Foto: Rune Moldestad

I løpet av våren skal alle i førskulen bli meir kjent med kommunesenteret Selje.

Dei skal besøke kommunehuset, prestegarden og hovudbiblioteket.

Dei skal få høyre og lære om den lokal kulturhistoria..

Vasskverna i Nordpoll - For alle 4 klassingane i kommunen.

Ansvar for gjennomføring: Kulturkontakt på Flatraket og Ytre.

Kvernhuset i Nordpoll er restaurert, og uteområdet og sett i stand av grunneigarar med hjelp frå elevar på Flatraket skule.

Før kvernhuset kom i orden, var det ikkje dyrka korn i bygda sidan andre verdskrig.

Ingen veit nøyaktig kor gammalt kvernhuset i Nordpoll er. Mest truleg frå 1700-talet.



Foto: Flatraket skule

Eldsjelene bak prosjektet og restaureringa har spurt eldre folk til råds og lært mykje både om det reint bygningstekniske, korndyrking og kornmaling i farne tider.

Den nye kverna har innslag av nytt tømmer somme stadar, ny bordkledning og nytt torvtak. Kverna har ny kvernkall og nytt anlegg for tilførsel av korn i auga i oversteinen.

Alt vernearbeidet er dokumentert. (foto, film og fagteikningar)

Kverna i Nordpoll er eit levande kulturminne.

Her kan ein koma og sjå og oppleve den eldgamle og universelle måten å gjere korn om til mjøl.

På det fine uteområdet kan ein grille og kose seg ved leirbålet.



Foto: Egil Holvik

Selja - Selje kloster - For alle 7. klassingane i kommunen

Ansvar for gjennomføring: Kultuturkontakt på Selje skule.

På øya Selja, 15 min. båttur frå Selje, finn du ruinane av Selja kloster. Klostertårnet er intakt.

Klosteret vart bygd av Benediktinarmunkar tidleg på 1100-talet. Legenda om den heilage Sunniva, som leid martyrdøden her, lev vidare.

Noreg har to mannlege helgenar, St Olav og St. Hallvard og ei kvinneleg. St. Sunniva, Vestlandet sin vernehelgen.

Legenda fortel at den irske kongsdottera Sunniva flykta då landet hennar vart hærteke av heidningar og den nye kongen ville gifte seg med henne.

Ho kom i land på øya Selja. St. Sunniva hola er der Sunniva i følgje legenda døydde.

På øya finn ein og tuftene etter 3 andre kyrkjer, og på sørsida av øya er det funnet fleire vikinggraver og restar etter langhus frå jernalderen.

Her dyrka munkane humle og andre krydder for t.d. ølbrygging og medisin.

Selje kommune har St. Sunniva på sitt kommunevåpen.

Bilde tatt frå Sunnivahola




Foto: Lasse Fløde

7. kl. vil få lære meir om:

Det første bispesete på Vestlandet, fyrste pilgrimsmål i landet, St. Sunniva og den heilbredande St. Sunniva- kjelda, Benediktinarklosteret, unike kulturminne frå vikingtida og mellomalderen.



Foto: Lasse Fløde

Krigsminne – Hovden - For alle 9. klassingane i kommunen

Ansvar for gjennomføring: Kulturkontakt på Stadlandet Oppvekstsenter.



Foto: Maria Helgesen

Eit kjent og vakkert motiv frå Ervik, med Erviksanden og det spesielle fjellet Hovden. Tyskarane bygde veg opp til Hovden, sette opp kanoner på høgste toppen, og sprengde ein nesten 100 meter lang tunnel gjennom toppen.

Alt vinteren 1942-43 starta tyskarane arbeidet med vegen frå Ervik og opp til Hovden, men først sommaren 1944 var luftvern batteriet klart på denne litt spesielle plassen.



Foto: Maria Helgesen

Luftvernkanoner på Hovden

Det var den tyske marinen som bygde luftvern batteriet på Hovden, og formålet var å verne egne skip og konvoiar i skipsleia rundt Stad mot allierte flyangrep. Her plasserte



Foto: Maria Helgesen

tyskarane fire luftvernkanoner, og ute på Little-Hovden ein lyskaster og to kanoner. Tunnelanlegget er open, og det er sett opp informasjonstavle ved stien opp til Hovden.

Bildet er tatt nokre få dagar etter forliset.

St. Svithun:

Hurtigruta D/S Sanct Svithun vart ved feiltaking bomba av britiske fly i 1943.

Lokalbefolkninga i Ervik gjorde en heltemodig innsats ved å dra ut på havet i små båtar i storm for å redde overlevande.

Der ligg framleis ein god del vrakrestar.



Foto: Jonfred Ervik

Skulemusikal - Opera Nordfjord - For alle 10. klassingane i kommunen

Ansvar for gjennomføring: Kulturkontaktane på Stadlandet og Selje skule.



Visjonen til Operahuset Nordfjord er å vere møtestad for flest mogleg og fungere som huset for alle. Operahuset Nordfjord skal bidra til auka kunstnarleg aktivitet – utvikle kulturlivet i kommunen og regionen! Kvart år arrangerast det ein skulemusikal.

Som ein del av kompetansemåla i norsk skal faglærarane på tiande trinnet samarbeidet om ein tur til Nordfjordeid for ei forstilling/ kulturoppleving i operahuset. Her kan det også leggjast til rette for eit fells måltid etter framsyninga.

Bilettane vil bli dekt av DKS midlar.

Skyssen til akkurat dette opplegget vil bli dekt av dei lokale transportmidlane. (LTU)

Selje folkeboksamling – Hovudbibliotek

Ansvar for forfattarbesøk: Bibliotek representant i Selje kulturforum.

Selje hovudbibliotek ligg i Selje sentrum. Ein har også filial på Flatraket.

På biblioteket er det høve til å låne bøker og filmar. Ein kan og søkje gratis på internett.

Bibliotek er ein lett tilgjengeleg og gratis kunnskapskjelde som ein ynskjer og skal vere ein naturleg møteplass for folk i alle aldra.

Det er viktig at barn og unge tidleg får gode vanar, positive og lærerike opplevingar med bibliotek. Samarbeid med skule og barnehage er viktig.

I forbindelse med forfattarbesøk på skulane vil ein ha spesielt fokus på dei klassetrinna som ikkje har faste opplegg i DKS lokal plan.



Kontaktinformasjon:

DKS kontakt Selje kommune:

Maria Helgesen

Maria.helgesen@selje.kommune.no

Tlf.: 95869223

www.seljeskule.no – www.flatraket.skule.no – www.stadlandet.skule.no - www.ytrestad.no
www.ksys.no - www.seljekloster.com - www.selje.kommune.no – www.opplevselje.no – www.flatraket.no
- www.stadlandet-ul.org
www.indrefure.net – www.operahuset.no